

## Nytt nasjonalt språkorgan, høyringsuttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) takkar for høvet til å levera fråsegn om det nye norske språkorganet. I samsvar med innbydinga er fråsegna vår delt i to: Den første delen tek opp aktuelle språkpolitiske utfordringar og det nye språkorganet si rolle i høve til desse utfordringane. Den andre delen peikar på nokre område der HSF, som ein mellomstor norsk høgskule i kjerneområdet for nynorsk, kan spela ei rolle.

### Språkpolitiske utfordringar i 2004

1 På mange måtar er det vanskeleg å finna ein samla norsk språkpolitikk i dag. Det er ei tydeleg lovgjeving som gjeld forholdet mellom bokmål og nynorsk, og det er reglar for bruk av samisk. Men det er ikkje nokon synleg samordna politikk ut over det. Dagens språkråd har hatt ansvar for arbeidet med rettskriving og normering både av allmennspråket, av stadnamn og av ein del fagspråk og legg elles ned eit stort arbeid knytt til språkleg rådgjeving. Språkrådet er og sakshandsamar for Kyrkje- og kulturdepartementet når det gjeld handhevinga av mållova i staten. Samstundes ser ein at ei rad viktige språkpolitiske avgjerder blir tekne utan at Språkrådet har nokon definert funksjon, slik tilsvarende organ har i somme andre land det er naturleg å samanlikna seg med. Døme på dette finn me til dømes på utdanningsfeltet når det gjeld diskusjonen om sidemål, spørsmålet om norsk som undervisningsspråk i høgre utdanning, norskopplæring for innvandrarar osv. I spørsmål om domenetap frå norsk til engelsk på område som forskning, underhaldning, ikt og næringslivet elles, er det ein sprik mellom det KKD og kulturmeldinga og statens avgjerder på område som er viktige for språket.

*Eit første hovudpunkt frå HSF er å oppmoda om at det nye organet får ei noko tyngre og meir tydeleg rolle enn dagens råd når staten skal gjera vedtak som har klare følgjer for norsk språk. Målet om å halda oppe norsk som eit fullstendig, samfunnsberande språk må vera eit fundament for det nye organet. Ei slik rolle vil og truleg tilseia at det nye organet får ei eiga lov, slik dagens språkråd har.*

2 Som høyringsbrevet og kulturmeldinga peikar på, er det i dag grunn til å tona ned arbeidet med rettskrivingsreformer og arbeida for stabilitet i rettskrivinga, både for bokmål og nynorsk. Me er einige i dette, og at andre arbeidsoppgåver må vega tyngre for det nye organet. Det er dessutan viktige pedagogiske grunnar til å halda rettskrivingssystemet meir stabilt enn det har vore ei tid. Samstundes må det etter vårt syn vera ei offentleg regulering av den norske rettskrivinga. Tankar frå somme hald om at ein skal ha ei såkalla fri språkutvikling, er ikkje i samsvar med viktige sider av norsk kulturpolitisk og språkpolitisk tradisjon. Det er og viktig å understreka at sjølv om rettskrivinga blir stabil i ein lang periode, er det ei rad oppgåver som treng nasjonal samordning: Registrering og skrivemåte av nyord, arbeid med standardisering og fagterminologi, normering av stadnamn osv.

*HSF stør hovudtenkinga som departementet legg opp til for det nye organet. Samstundes må det nye organet ha ei definert rolle i forhold til registrering, normering og standardisering av norsk språk.*

3 I førearbeida til etableringa av det nye språkorganet konkluderer departementet med at organet iallfall i næraste framtid må vera eit organ for norsk språk, ikkje for alle språk i Noreg. HSF ser at oppgåvene med å få etablert det nye organet er så omfattande at det ikkje er realistisk å utvida ansvarsområdet til å gjelda alle språkbrukarar i Noreg. Samstundes er det

viktig å ta inn over seg at ein i dag ikkje kan utforma ein norsk språkpolitikk utan å ta omsyn til språksituasjonen for både dei eldre minoritetane, som kvener og sigøyningar, og dei nye landsmennene våre. Debatten om forholdet mellom morsmålsopplæring og norskopplæring for innvandrarak er eitt døme der språkpolitiske synspunkt har ein naturleg plass.

*HSF vil oppmoda departementet til å leggja fram ein plan for korleis ein på sikt vil innarbeida språksituasjonen for alle som bur i Noreg, i ein sams språkpolitikk, gjerne knytt til det nye språkorganet*

4 Måten statsinstitusjonane praktiserer mållova på, blir i dag kontrollert av KKD, gjennom Språkrådet. Kontrollen her går ut på at institusjonane driv ei eigenrapportering, som blir gjennomgått. Samstundes ser ein at viktige område for jamstillinga mellom nynorsk og bokmål ikkje kjem inn under kontrollarbeidet. Nynorskorganisasjonar har til dømes i årevis peikt på at felles programvare som staten kjøper inn, må vera tilgjengeleg i begge målformer. Det finst mange døme på dette at staten i viktige avgjerder ikkje følgjer opp mållova. Eit lite døme frå høgre utdanning: HSF har i brevs form bede om å få arkivnøkkelen for høgre utdanning på nynorsk. Me har peikt på at dette er grunnleggjande for å etablere eit fast administrasjonsspråk for vår sektor på nynorsk. Etter ti år har me framleis ikkje fått respons.

*HSF vil be om at departementet i samband med etableringa av det nye organet går gjennom på kva område staten i dag i praksis ikkje følgjer mållova, og at det i strategiplanen for organet blir slått fast ei målsetjing om å endra praksis på desse områda.*

5 Prosjektskissa frå KKD ser ut til å leggja føringar for at departementet helst ønskjer eit styre, og ikkje ei brei rådsforsamling i tillegg, slik dagens råd har. HSF tek ikkje stilling til dette, men vil peika på at det nye organet bør ha ei fri og sjølvstendig rolle i arbeidet sitt. Eit byråkratisk organ, utan evne til å ta eksterne initiativ eller til å komma med friske utspel, vil vera i strid med dei tankar både noverande språkråd og departementet har komme med. Ei slik rolle kan det nye organet få gjennom ei systematisk og definert samfunnstilknytning, til våre fremste språkvitskapsmiljø, til lærarutdanningsinstitusjonar, til mediemiljø, til it-miljø osv.

*Det er svært viktig at det blir lagt ein organisasjonsplan for korleis det nye organet sikrar desse linjene ut frå det nye organet. Det er ikkje nok med generelle ønske og krav om at organet skal byggja nettverk. I ein slik organisasjonsplan må det takast systematisk vare på krava i mållova.*

### **HSF og det nye organet**

Departementet ber og om synspunkt på kva tenester høyringspartane har behov for frå det nye organet, og korleis høyringspartane kan tenkja seg å samarbeida med det nye organet. Ut over dei behova som går fram av punkta over, er det viktig at det nye språkorganet held fram og utviklar den språklege rådgjevinga si. Ei tydelegare tilrettelegging av rådgjeving og hjelpefiler på data for skuleverket er eit konkret behov. Høgre lærestader får elles ein stadig aukande bruk for norske språkressursar, samla og tilgjengeleggjorde på data. Det er rimeleg at organet får eit ansvar eller delansvar for ei slik samling, av somme kalla ein norsk språkbank.

*HSF kan, som andre høgre lærestader med lærarutdanning, tenkjast å ha ei rolle i eit nettverk eller i faggrupper knytt til definerte område. Område der HSF har særleg kompetanse, er nynorsk omsetjing og nynorsk lese- og skriveopplæring og norsk språk på skjerm generelt. Høgskulen i Sogn og Fjordane tek gjerne ansvar for eit samarbeid med det nye språkorganet på desse to områda. Dersom det skulle bli aktuelt med ein desentralisert struktur på det nye*

*organet, står HSF til rådvelde både med profesjonell saksbehandlarkapasitet og med fagkunnskap på dei nemnde områda.*

HSF ønskjer elles departementet lukke til med å skapa eit slagkraftig organ for norsk språk.

-----